



Rune Volden frå Kvinnherad Bygg er snikkar og gjer det meste av arbeidet med renovering og montering av nytt handikoptoalett.

**Uskedal Utvikling søkte og fekk tilskot frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad om å laga nytt handikoptoalett i Gamleskulen for å gje bygget ei universiell utforming. Arbeidet er starta. Kvinnherad Bygg, Seimsfoss, ved snikkar Rune Volden er på plassen og gjer alt klart med deling av rom og montering av nytt VA utstyr.**

Arbeidet vert definert som standardheving og ei investering for eit funksjonelt toalettanlegg for alle brukargrupper. Eksisterande toalettrom vert oppgradert og det nye handikoptoalettet kjem i gangen før ein går inn til Kafe Tairen.

Bygget frå 1902 hadde to inngangar på eine langsida. Ved oppstart av barnehage vart det laga påbygg med gang, garderobe og toalett. Arbeidet no er både ein del av påbygget og det gamle frå den tida bygget var Uskedal skule. Mykje er skeivt og i dårleg stand. Difor krevst det oppretting og justeringar.

Rune Volden har alt trearbeid, mellom anna med vegger, tak og nytt golv. Romma vil ha kvar sine inngangar. Sjølv toaletta vert montert på golv. På handikoptoalettet vert alt utstyret nytt.

Gåva frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad var på kr. 190.000,-

Tekst/foto/nett Kristian Bringedal